

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/2533-1

Justering - handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald 2014-18

Framlegg til vedtak:

Sekretæren rår fylkesrådet for funksjonshemma til å gje slik tilråding:

- 1) Fylkesrådet for funksjonshemma meiner at den framlagde handlingsplanen ivertek lov- og forskriftskrav på området.
- 2) Fylkesrådet for funksjonshemma meiner fylkeskommunen er tent med å ha ein overordna handlingsplan som definerer krav til aktivitet og arbeidsmetodar.

Vedlegg: Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald 2014-18

Andre dokument som ikkje ligg ved: Ingen

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Framlegg til justert handlingsplan skal endeleg fastsetjast av likestillingsutvalet den 4. juni 2014. Det står ei samla arbeidsgruppe bak framlegget til justert handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald. Handlingsplanen byggjer vidare på det gode arbeidet som har vore gjennomført og at måla og tiltaka tek omsyn til likestillingstilhøva i fylkeskommunen, gjeldande lovkrav og har eit realistisk ambisjonsnivå.

2. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i juni 2009 handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald, 2009 - 12.

I saksnr. 01/13 «Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald – status 2012» våren 2013 skreiv fylkesrådmannen at han til neste møte i likestillingsutvalet ville vurdere behovet for å revidere handlingsplanen og fremje det for utvalet.

I møte den 14. oktober 2013 sa fylkesrådmann at gjeldande handlingsplan burde rullerast, men med justering av (nye) mål og delmål. Vidare at han kom til å leggje fram justert handlingsplan til politisk handsaming våren/sommaren 2014. Utvalet hadde ikkje merknader til dette.

Fylkesrådmannen sette i etterkant ned ei partsamansett arbeidsgruppe med mandat å utarbeide eit forslag til justert handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald. Arbeidsgruppa skulle vurdere

handlingsplanen sin visjon, bærande prinsipp, mål og tiltak og fremje nye formuleringar og justeringar i tråd med aktuelle og framtidige utfordringar.

Arbeidsgruppa fekk slik samansetjing:

- Jan Erik Weinbach, rådgjevar, frm-personal (leiar av arbeidsgruppa)
- Bergljot Buskaker, rådgjevar, opplæringsavdelinga
- Clara Øberg, assisterande direktør, tannhelsetenesta
- Anne-Kjersti Stavø Stenehjelm, nestleiar, plan- og samfunnsavdelinga
- Jorunn Bakke Nydal, musikkterapeut, kulturavdelinga
- Erna Hamrum, fylkeshovudtillitsvald (Skolenes Landsforbund)

Arbeidsgruppa har undervegs hatt dialog med fylkeskommunen sine avdelingar mv. Det gjeld spesielt dei avdelingane som i forslag til justert handlingsplan får eit særskilt ansvar for å fylje opp eit eller fleire tiltak.

3. Historikk, likestillingsstatus og nye utfordringar

Gjeldande handlingsplan er tufta på eit grundig forarbeid og ein brei prosess. Likestillingsutvalet var styringsgruppe for planarbeidet. Planen kom til ved at ei arbeidsgruppe, assistert av ei ressursgruppe, la fram forslag til ny handlingsplan i 2009. Utkastet til plan vart sendt på ei brei høyring i fylket og internt i fylkeskommunen, før likestillingsutvalet handsama planen og fylkestinget gjorde sitt endelege vedtak.

Gjeldande handlingsplan er ein mål- og tiltaksplan som set fokus på arbeidsmetodar og aktivitet. Handlingsplanen står for eit skifte i fylkeskommunen sitt likestillingsarbeid. Skiftet er at gjeldande handlingsplan gjeld likestilling og likeverd generelt, i motsetnad til tidligare planar som berre omhandla likestilling mellom kvinner og menn. Handlingsplanen skulle og vere forpliktande for alle partar, ikkje berre for arbeidsgjevarsida.

Likestillingsstatus

Fylkesrådmannen meiner vi langt på veg har nådd måla som fylkestinget vedtok i 2009, men det er framleis nokre punkt vi ikkje er heilt i mål med. Det gjeld blant anna det overordna målet om at «Tilsette og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald».

I medarbeidarundersøkinga som blei gjennomført i 2012 blei dei tilsette spurt om dei opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfald for sine brukarar og for sine tilsette. Dei tilsette sine svar ligg i snitt mellom «litt samd» og «stort sett samd».

Det blei i 2012 ikkje gjennomført ei brukarundersøking. Vi veit difor ikkje korleis brukar- eller innbyggarsida opplever fylkeskommunen sitt arbeid.

Vi er heller ikkje sikre på om vi har nådd delmål 2, som er:

Innan utgangen av 2012 skal tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid vere redusert med 50 prosent, på sikt skal ingen tilsette arbeide ufrivillig deltid.

Det vi veit er at:

- Gjennomsnittleg stillingsstorleik har gått opp frå 86 % i 2007 til 90 % i 2013.
- 14 deltidstilsette har søkt utdanningsstøtte sidan 2010.
- Einingsleiarane i januar 2014 rapporterte om 35 tilsette (28 kvinner og 7 menn) som ynskjer auka stillingsprosent og at desse utgjer 2,4 % av arbeidsstyrken på 1454.
- Medarbeidarundersøkinga i 2012 syner at 121 tilsette ynskjer auka stilling.

Legg vi til grunn einingsleiarane si rapportering, med 35 tilsette som arbeider uynskt deltid, er målet om halvering frå 100 tilsette til 50 tilsette nådd med god margin. Desse 35 står likevel i kontrast til dei 121 deltidstilsette som i medarbeidarundersøkinga hausten 2012 sa at dei ynskjer auka stillingsstorleik. Dette er 21 fleire enn det undersøkinga frå 2007 konkluderte med, og som låg til grunn for målsettinga som blei vedteke i 2009.

Ei forklaring på denne skilnaden kan vere at leiarane i si rapportering tel uynskt deltid blant tilsette som går i faste stillingar, medan spørsmål om uynskt deltid i medarbeidarundersøkinga også gjekk

til tilsette i mellombelse stillingar. Arbeidsgruppa har i sitt arbeid lagt til grunn einingsleiarane si rapportering på dette punktet. Dvs. at det i januar 2014 var 35 faste tilsette som ynskjer auka stillingsprosent.

Fylkesrådmannen vil difor i det vidare arbeidet måle uynskt deltid mot fast tilsette.

Delmål 3 har også vore utfordrande å arbeide med. Det er formulert slik:

Fylkeskommunen sine tilsette skal spegle mangfaldet som bur i Sogn og Fjordane.

Då målformuleringa blei vedteke i 2009, var det lite statistisk materiale om fylket som inkluderte data om innvandrarak og funksjonshemma. Tilsvarande tilhøve gjaldt for samansettinga av den fylkeskommunale arbeidsstyrken.

SSB-data frå 2009 synte at fylket hadde 7 % innvandrarak, men ikkje kor mange innvandrarak eller funksjonshemma i alderen 15 til 74 år som var uføre, i arbeid eller under utdanning.

Det finst heller ikkje i dag fullstendige og samstilte data på fylkes- og kommunenivå som lettfatta syner kor mange innvandrarak eller funksjonshemma i alderen 15 til 74 år som er uføre, i arbeid eller under utdanning.

Når det gjeld interne forhold er det utfordrande å kartlegge nasjonalitet og funksjonshemming blant eigne tilsette då dette langt på veg er informasjon av privat karakter.

Mangelfull og spreidd statistikk er ei utfordring i arbeidet med å finne status og å måle endringar. Plan- og samfunnsavdelinga (PSA) har vore i kontakt med SSB for å prøve å få utarbeida statistikk over innvandrarak i Sogn og Fjordane til bruk i fylkesspegelen. SSB skulle etter avtale med PSA levere eit forslag til slik statistikk på nyåret 2013, men PSA har enno ikkje motteke noko frå SSB.

Nye utfordringar

Verdiar som likestilling, likeverd og respekt står sterkt i det norske samfunnet. Eit prov er lovendingane som fylje av proposisjon 88 L (2012-2013) Diskrimineringslovgivning. Proposisjonen resulterte i «Lov om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk», med verknad frå 1. januar 2014. I tillegg har proposisjonen gitt meir likelydande lovutforming av dei tre diskrimineringslovene som gjeld kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Konkret betyr dette at fylkeskommunen bør ha planar med mål og tiltak som dekkjer alle dei fire lovverka. Det kan løysast med ein plan som har mål og tiltak som dekkjer alle fire lovene.

Arbeidsgruppa sitt forslag

Til grunn for arbeidsgruppa sitt forslag ligg vurderingar gjort kring likestillingstatus, måloppnåing i gjeldande handlingsplan og nye utfordringar. Det er ei samla arbeidsgruppe som har sendt sitt forslag til justert handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald til fylkesrådmannen. Arbeidsgruppa meiner at ei viktig endring i deira forslag til justert handlingsplan er å plassere ansvaret for mål og tiltak på avdelingsnivå. Det er likevel viktig å presisere at dette ikkje vil endre ansvarsrelasjonane mellom administrasjonen og politisk side.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen meiner at fylkeskommunen er tent med å ha ein overordna handlingsplan som definerer krav til aktivitet og arbeidsmetodar. Den overordna planen bør vere eit tydleg rammeverk for heile den fylkeskommunale verksemda. Ei slik tilnærming utfordrar dei fylkeskommunale sektorane/einingane til å finne og å løyse dei meir konkrete problemstillingane innan eigne ansvarsområde.

Samla sett er fylkesrådmannen tilfreds med utviklinga i fylkeskommunen sitt likestillings-, likeverds- og mangfaldsarbeid. Særskilt er fylkesrådmannen nøgd med at handlingsplanen si målsetting om å innfri lovkrava om aktivitets- og rapporteringsplikta vart nådd ved første forsøk. Fylkeskommunen sine årsrapportar har frå og med 2009 formidla det målretta arbeidet som fylkeskommunen gjer for likestilling, likeverd og mangfald, både som tenesteleverandør og som arbeidsgjevar. Rapportane syner at fylkeskommunen arbeider systematisk for å nå sine mål. I samband med arbeidet med årsrapporten for 2013 har fylkesrådmannen gått gjennom ein del nøkkeltal for kjønnslikestilling, og tala støtter opp om denne gode utviklinga.

Fylkesrådmannen er ikkje like nøgd med at ikkje alle mål i gjeldande handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald er nådde, men meiner at forslag til justert handlingsplan byggjer vidare på det gode arbeidet og at mål og tiltaka i forslaget tek omsyn til likestillingstilhøva i fylkeskommunen, gjeldande lovkrav og har eit realistisk ambisjonsnivå.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at gjeldande handlingsplanen er tufta på ei solid plattform og at dei berande dimensjonane om krav til planar og aktivt likestillingsarbeid står seg godt i 2014. Vidare ser fylkesrådmannen at det har gått 5 år og at det har komme til ei ny diskrimineringslov. Fylkesrådmannen meiner tida er moden for fylkeskommunen å setje nye mål og tiltak.

Arbeidsgruppa sitt forslag til justert handlingsplan dekkjer alle dei fire diskrimineringslovene. Konkret betyr det at forslag til fylkeskommunen sin justerte handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald har ein samla mål- og tiltakspakke som tek i vare dei fire diskrimineringslovene sine krav. Fylkesrådmannen meiner vidare at arbeidsgruppa sine forslag til mål og tiltak både er gode og realistiske.